



# Masfjorden Kommune

RÅDMANNSKONTORET  
Fellestenesta

Kommunal- og regionaldepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP	
14 FEB 2006	
0513280-275	
Ark	b61-0
Avd.	KO / KP / HER

Masfjordnes, 08.02.2006

Arkivsaknr.  
06/00086-002

Arkivkode  
102

Avd/Sek/Saksh  
RÅD/FEL/SHH

Dykkar ref.

## HØYRING - INNTEKTSSYSTEMUTVALGETS UTGREIING – NOU 2005:18 - FORDELING, FORENKLING, FORBEDRING INNTEKTSSYSTEMET

Ein har gått igjennom NOUen, og ønskjer å gje ein uttale, og generelt sett meiner ein at inntektssystemutvalet si innstilling inneber ei grundig – og på mange punkt ei god – vurdering av inntektssystemet og kor ein meiner at mange av dei skisserte endringane vil gje ei forbetring av inntektssystemet.

### Kostnadsnøkkelen for kommunane

Forslag til kostnadsnøkkel frå utvalet får minimale konsekvensar for vår kommune slik vi har kunne kalkulere endringsframlegga, men forslaget til utvalet forenklar kostnadsnøkkelen betydeleg. Vi meiner imidlertid at ein burde vurdere nærmare følgjande tilleggsnøkkel;

#### Kommunale vegar

Inntektssystemutvalet har ikkje vore villig til å utarbeide ein eigen kostnadsnøkkel for kommunale vegar. Det kommunale vegnettet representerer for mange kommunar ein stor utgiftspost som ein ikkje kan sjå vekk frå. Kommunevegar representerar sjølvsagt velferdstenester og kommunale kostnader som må reflekterast i inntektssystemet, og må vere med som kostnadsnøkkel på line med fylkesvegar.

Og ein er svært oppteken av betydningen av kostnadsnøklar knytt til;

#### Avstandar/reisetid

Masfjorden kommune er ein kommune stor i areal, men liten i folketal, med fjord som skiljer 3 kommunedeler. Dette gjer at ein må ha 3 av skule, barnehage etc. ut i frå reisetid. Dette er ei vesentleg driftsulempe som noverande inntektssystem delvis fangar opp, og ein er svært oppteken av at ikkje desse kriteria vert svekka ved endring i kostnadsnøklane.

## **Distriktpolitisk tilskot**

Utvalet fremjar eit nytt distriktpolitisk tilskot som har ein meir direkte kobling mot distriktpolitikken forøvrig. Forslaget medfører at vi får eit tilskot i staden for tre (regionaltilskotet, Nord-Norge-tilskotet og deler av skjønnstilskuddet). Forslaget gjev til dels store omfordelingar mellom enkeltkommunar.

Masfjorden kommune støttar framlegget om omlegging til eit distriktpolitisk tilskot, men meiner at fordeling kommune/innbyggjar bør vere 50/50% (i staden for 15/85%)

## **Skjønnstilskot**

Utvalet fremjar framlegg om å redusere (nær halvering) skjønnstilskotet.

Masfjorden kommune meinar at skjønet er med på å ta høgde for variasjoner inntektssystemet m/utgiftsutjamninga ikkje klarer å fange opp, og meiner elles at Fylkesmannen balanserer desse variasjonene med skjønnet. Skjønet bør ikkje reduserast.

## **Andre forhold**

Ein har elles følgjande kommentarar/merknader til innhaldet i NOUén;


- Masfjorden kommune er positiv til omlegging til prognosebasert inntektsutjamning
- Masfjorden kommune er positiv til inntektsgarantiordninga
- Masfjorden kommune er positiv til fjerning til oppdatert folketal (dvs. går attende til tidlegare ordning med folketal 1.1. året før aktuelle budsjettår)
- Masfjorden kommune er positiv til omlegging av kostnadsnøklar tilpassa 2006
- Masfjorden kommune er positiv til omlegging til distriktpolitisk tilskot

Avslutningsvis vil ein tilrå at ein for seinare utgreiinga etc. viser til kva kjelder/faktagrunnlag som vert nytta for å synleggjere fordelingsverknader. I NOUen framstår t.d. vår kommune som ein "vinnar", men legg ein til grunn gjennomsnittleg skatteinngang på over 120% av landsgjennomsnittet og halvert skjønnstilskot vil ein kome ut med betydeleg reduksjon i sum rammetilskot.

Med helsing



Håkon Matre  
Ordførar



Svein Helge Hofslundsgen  
Svein Helge Hofslundsgen  
ass.rådmann